

Foreldreinfo desember 2021



Me hadde møte i SU/SMU tysdag 07.12. Referatet frå møtet finn du [her](#).

FAU stilte med desemberfrukost for alle elevane den 10.12. Fantastisk stemning og god mat. Tusen takk for innsatsen til dei foreldra som stilte opp! Skulen og Fau vil og retta ein stor takk til dei som sponsa frukosten:

Byggmester Klungland og Sørvest Betongsaging som har bidrige med penger.

Per Spødervold som stilte med melk rett frå tanken, og Håvard Vikeså som ga oss gratis egg.

Fau håper det er ein ny tradisjon som no har starta på skulen.



På trass av gult nivå har skulen klart å gjennomføra dei fleste av aktivitetane me bruker å ha i adventstida. Her i skrivet ser du biletet frå julemiddag på 9.trinn, desemberfrukosten til FAU og morgontur i skogen for 1.-4.trinn.



Ungt Entreprenørskap

5. og 6.trinn på skulen har hatt SMART-veke i regi av Ungt Entreprenørskap og Dalane Energi. Dei fekk ei utfordring; *Løys energiutfordringane i verda gjennom innovasjon*. Det vart kåra vinnarar i 3 kategoriar: Beste ide, beste prototype og beste samarbeid. Her ser du vinnarane i dei 3 kategoriene;

- ein søppelsorteringsmaskin som skal rensa vatnet i samarbeid med IVAR
- ein robotfisk som samlar plast i havet
- ein sjølvforsynt lastebil som skapar energi

Vinnarane skal presentera ideane for eit større publikum i Egersund Arena i januar.



På vegne av dei tilsette på skulen vil eg ønska heimane ein god ferie og ei fin julefeiring til alle som feirer dette.

Skulen startar opp att med pålanleggingsdag for lærarar den 03.01.22, elevane sin første dag blir derfor tysdag 04.01.22.

Minner og om testing av elevar og tilsette den 03.januar. Ta kontakt med koronatelefonen om de har spørsmål knytt til dette.

Takk for det gamle, og dei beste ønsker for eit friskt og innhaldsrikt 2022!

Mvh
Svanhild Gjedrem
rektor

